

# Eit samarbeid

---

Dette er eit samarbeid mellom VØR, RSS og grendalaga med ryddige bygder som mål.

Reine og ryddige bygder er trivelege både for fastbuande og tilreisande. I dag ligg det for mykje rot og skrot rundt om i natur- og kulturlandskapet. Feil handtering og brenning av avfall er kjelde til fleire miljøproblem, og kan føre til utslepp av klimagassar, tungmetall og andre miljøgifter.

Det er difor veldig viktig at avfallet vert sortert og handtert rett. Eitt av måla med denne aksjonen er at ein ved hjelp av god informasjon og merking skal sikre at ting hamnar på rett plass.

## Avfall i kulturlandskapet

- Skjemmande for nærmiljøet
- Risikabelt for folk og dyr
- Dårlig reklame når det gjeld å lokke nye innbyggjarar og turistar til bygda.

Ei av årsakene til at ting vert liggande, er at det er tungvint og kostbart å frakte vekk skrotet. Med dette samarbeidet ynskjer vi å gjere oppryddinga enklare og rimelegare. Dette er i utgangspunktet eit tilbod til dei som bur på bygdene og har lang veg til miljøstasjonen.

---




Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS  
Torvmyrane 29, 6160 Hovdebygda  
Telefon: 70 04 86 00  
firmapost@vor.no

 Besøk oss på Facebook  
[www.vor.no](http://www.vor.no)

Retura Søre Sunnmøre  
Torvmyrane 29, 6160 Hovdebygda  
Telefon: 70 04 86 10  
rss@retura.no

 Besøk oss på Facebook  
[www.retura-ss.no](http://www.retura-ss.no)

# BYGDE- RYDDING 2023



# Container for metall og elektrisk avfall

Volda og Ørsta Reinholdswerk (VØR) saman med Retura Søre Sunnmøre (RSS) startar snart med årets bygderydding. Vi plasserer ut ein container for skrapjern/metall og ein for elektrisk avfall/kvitevarer i kvar bygd. Desse står tilgjengeleg ei veke og blir bytta etterkvart som dei blir fulle (gj beskjed til RSS).

## Feilsortering

Vi har stort fokus på å unngå feilsortering. Det er kun metall og elektrisk avfall som skal i containerane, ikkje farleg avfall eller restavfall. Vi minner om godt lagspel i alle bygder, slik at vi kan halde fram med denne ordninga som har fungert godt i mange år.

*NB! Vis omsyn til sambygdingar og våre tilsette ved å plassere avfallet forsiktig og ryddig i containeren, slik at desse ikkje knuser og tek opp unødig plass.*

Alle vil få  
ein sms om  
plassering av  
containerane

## Under er eksempel på kva vi vil ha i containerane:

METALL		ELEKTRISK AVFALL	
			
Steikepanne	Sykkel	Varmepumpe	Vaffeljern
			
Nettingjerde	Vedovn	Elektrisk motor	Støvsugar
			
Plenklipper <small>Hugs å tappe av olje og drivstoff</small>	Badekar	Datamaskin	Vaskemaskin

# Innsamling av restavfall og trevirke

Kvar vår etter bygderyddinga, køyrer vi ei runde med baklastar og hentar inn restavfall heime hos abonnentane som ønskjer det på bygdene.

## Bestillingsordning

For å melde deg på, tar du kontakt med Retura Søre Sunnmøre. Baklastaren har vekt og du betaler same kilopris som ved levering til miljøstasjonen. Avfallet må ligge lett tilgjengeleg og ein frå hushaldet må vere heime ved henting.

For meir informasjon om denne ordninga, sjekk nettsida til Retura Søre Sunnmøre: [www.retura-ss.no](http://www.retura-ss.no)

Restavfall  
Kilopris  
2,75 kr  
inkl. mva.

Trevirke  
Kilopris  
2,00 kr  
inkl. mva.



NB! Lyspærer, lysrør og batteri skal IKKJE i containerane!